# Ordens- og åtferdsreglement for Ulstein ungdomsskule

---

| Vedteke | Gjeld f.o.m. | Heimla i |
|---|---|---|
| | **23.08.2021** | Opplæringslova § 9A-10, forskrift til opl § 3-4<br>Ordensreglar for grunnskulane i Ulstein kommune |

| Føremål |
|---|
| Føremålet med vurdering i orden og åtferd er, i tillegg til å gi informasjon om eleven sin orden og åtferd på skulen, å fremje sosial læring og bidra til eit trygt og godt skulemiljø.<br><br>Ordensreglementet skal regulere elevane sine rettar og plikter på skulen, så lenge dette ikkje er fastsett i lov eller på annan måte, jf. opplæringslova § 9 A-10. (Utdanningsdirektoratet) |

| Grunnlaget for vurdering i orden | Grunnlaget for vurdering i åtferd |
|---|---|
| **God orden er å:**<br>- møte presis og budd til undervisninga<br>- gjere arbeidet ein er pålagt så godt ein kan og til rett tid<br>- levere inn mobiltelefon til mobilhotellet kvar morgon<br>- skape eit ryddig og triveleg skulemiljø<br>- plassere utesko/-klede i garderobeskapet<br>- ha med snop eller brus berre etter løyve frå tilsette | <u>*På skulen har vi nulltoleranse for mobbing eller krenking av andre fysisk, verbalt og digitalt.*</u><br><br>**God åtferd er å:**<br>- vise god framferd mot andre<br>- ha respekt for skulen og andre sine eigendelar<br>- rette seg etter beskjedar frå dei tilsette ved skulen<br>- brukar privat utstyr berre etter løyve frå tilsette<br>- vere på skulen sitt område og delta i undervisninga heile skuledagen |

| Tiltak ved brot på reglementet |
| --- |
| **Samtale**<br>- Samtale med eleven<br>- Kontakt med heimen og involvering av føresette<br>**Karakternedsetjing**<br>- Nedsetjing av karakter i orden og/eller åtferd<br>**Erstatning**<br>- Elevar/føresette har erstatningsansvar for skadeverket som vert utført (inntil kr. 5000,-/skadeverk)<br>**Beslaglegging**<br>- Inndraging av ulovlege gjenstandar<br>**Bortvisning**<br>- Bortvisning frå undervisninga/skulen kan nyttast ved særleg alvorlege brot<br>**Melding til politiet**<br>- Straffbare forhold meldast til politiet |